

Resolusjon vedteke på DNT sitt landsmøte 2023:

## Energipolitikk innanfor naturen sine tolegrenser

Som største friluftslivsorganisasjon i Noreg har DNT eit stort ansvar for at samfunnet tek vare på naturen. Naturmangfaldet, med sine artar, naturtypar og landskap, er grunnlaget for dei gode naturopplevingane – for oss og framtidige generasjonar.

Intakt natur og økosystem i balanse er sjølve livsgrunnlaget til menneska. All samfunnsutvikling må difor skje innanfor naturen sin tolegrenser. Dette gjeld sjølv sagt også for energipolitikken. DNT har i fleire år teke til orde for ein meir naturvenleg energiproduksjon, utan energiutbygging i intakt og sårbar natur. Det er grenser for kor mykje fornybar energi som kan byggast utan å skada naturmangfaldet – i strid med naturavtalen som nyleg vart signert. «Meir av alt raskare», er ikkje vegen til ei berekraftig framtid, då me kvart tiår ser meir av kva skadar storstila energiutbygging har påført naturen. Noreg må prioritera samfunnsutvikling som er på lag med naturen, og velje vekk produksjon og forbruk som skadar naturgrunnlaget.

Skal ein klara å nå dei ambisiøse og viktige måla om å verne natur og klima, må det komme tydelege prioriteringar i norsk energipolitikk. Difor meiner DNT at norske styresmakter må satsa på følgjande:

1. Det må snarast komma auka løyvingar til energieffektivisering. Dette må følgjast opp med sektorovergripande planar, tydelege lovkrav, og høge ambisjonar for kor mykje energi ein skal effektivisera. Det er brei semje om energikommisjonen si første tilråding: "Energieffektivisering kan ventelig gi en rask effekt. Kommisjonen mener det taler sterkt for å prioritere å gjennomføre tiltak på dette området så raskt som mulig." DNT meiner tida er overmoden for ei ambisiøs, nasjonal og koordinert satsing på energieffektivisering.
2. Noreg må talfesta mål for energisparring. I omlegginga frå det fossile samfunnet bør ein ha mål om å redusera det totale energiforbruket. Lågare energiforbruk gjev rom for å ta vare på heilskapen i naturgrunnlaget, og slik styrka livskvaliteten som følgjer av å leve i intakte landskap og økosystem.
3. Norske styresmakter må vera tydelege på at naturgrunnlaget er den grunnleggande premissen for ei berekraftig samfunnsutvikling, også for energisektoren. DNT meiner dette føreset at ein både gjev naturen eit forpliktande rettsvern, og at naturen sine tolegrenser vert lagt til grunn for framskrivingar av kva energibruk og energiproduksjon ein kan styre mot
4. Norske styresmakter må utarbeide ein metode for å prioritere kvar me skal nytta vår dyrebare fornybare kraft.

Politikk handlar om å prioritera, og DNT håper Norske styresmakter prioriterer samfunnsutvikling innanfor naturen sine tolegrenser, slik at me når klimamåla og naturmåla. Vår energibruk - og produksjon er ein del av eit verdival, og utan grenser for landet sin energibruk og -produksjon vil både menneska, klima og naturmangfold tapa. Me kan ikkje sløsa med den fornybare energien vår, og me kan ikkje sløsa med den unike naturen vår.